

## **Søknad til midlar om arrangement i samband med ungdomskveld**

Elevrådet søker herved om støtte til innkjøp av utstyr i samband med ungdomsarrangement som me tenkjer å ha November 2023, og våren 2024.

Me ynskjer gjerne å ha eit ungdomsarrangement for å styrke sambandet mellom elevane på Nordbygda ungdomstrinn. I tillegg har me eit sterkt ynskje om at arrangementet har lågterskel, der det vert servert gratis mat og drikke.

Me ynskjer dette arrangementet for å inkludere ungdommar som ikkje har fritidsaktivitetar å gå til, grunna økonomiske grunnar.

I første omgang vil me ha arrangementet for Nordbygda ungdomstrinn, men utvide til Sandnes, og Matre ungdomstrinn om dette vert ein suksess November 2023.

Me treng støtte til følgande utstyr

- høgtaler (JBL Partybox 110 bærbar høgtaler)
- Budsjett til enkel mat og drikke

Høgtalaren ynskjer me å plassere i felleslokalet som er planlagt for ungdommane,(det gamle legekontoret) slik at den er tilgjengeleg for alle som ynskjer å ta bruk av den.

Slik kan høgtalaren vere tilgjengeleg får alle som treng han, og ikkje berre for ungdommen på Nordbygda skule.

Med støtte frå dykk, kan me sjølve ta ansvar for å kjøpe utstyr.

Me vonar å skape eit uforgløymelege arrangement til ungdommane på Nordbygda skule, og med suksess utvide det uforgløymlege arrangementet til Matre og Sandnes ungdomstrinn.

Med beste helsing, Elevrådet og ungdommane på Nordbygda skule 😊 !

Elevrådsleiar Mariel Haugsdal Reknes

Elevrådkontakt Gunn Marit Tangedal